

## Revidert eksamen for norsk 404 Fleirspråklegheit

Eksamen for norsk 404 er våren 2020 endra frå munnleg til skriftleg eksamen. I endringa har vi tatt utgangspunkt i at eksamen skulle ha vore eit konferanseforedrag på 25 minutt, med utgangspunkt i eit sjølvvalt tema innanfor dei faglege rammene for emnet.

Den reviderte eksamenen skal vere ein skriftleg presentasjon av det prosjektet studenten presenterte i abstractet i arbeidskrav 2 (sjå emneplanen). Dette abstractet er utgangspunkt for den sjølvalde skriftlege oppgåva og skal leverast inn saman med sjølve presentasjonen.

I sensuren skal det takast omsyn til at svaret er ei skriftleggjering av noe som i utgangspunktet var tenkt å skulle vere eit munnleg konferanseforedrag. Vidare skal ein ta omsyn til at det har vore avgrensa tilgang til bibliotek og dermed til faglitteratur som ikkje er tilgjengeleg online frå midten av mars.

I vurdering av svaret skal vi sjå i kva grad kandidaten kan

- bruke faglege omgrep på en formålstenleg måte og trekke inn ulike delar av faget/relevant faglitteratur
- reflektere og resonnerer fagleg
- gjøre sjølvstendige koplingar mellom ulike faglege/teoretiske perspektiv og konkrete døme/utfordringar frå praksisfeltet
- strukturere stoffet slik det er vanleg i ein fagleg-vitskapleg samanheng, som til dømes eit konferanseforedrag (presentasjon av problemstilling, teori, metode, resultat og drøfting)
- vere klar og tydelig i sin presentasjon, disponere stoffet greitt og gi nødvendige forklaringar, definisjonar og eventuell bakgrunnsinformasjon som trengst
- klart skil mellom eigne ord og formuleringar og kva som er henta frå faglitteratur
- beherskar og følgjer krava til akademiske tekstar med henvisningar undervegs og referanseliste til slutt

Dersom det er vesentlege manglar i kandidatens svar i relasjon til desse kriteria, vil kandidaten ikkje få godkjend karakter.

- Omfang på svaret skal vere ca. 4000 ord
- Abstractet skal stå som side 1 i svaret (men er ikkje inkludert i dei 4000 orda)
- Frist for innlevering er kl. 14.00 15. mai 2020
- Målform: valfri
- Gradert karakter: A-F

Eksamenssvaret skal leverast i Inspira <https://www.hiof.no/studier/eksamen/digital-eksamen/innlevering-av-oppgave.html>